

Økologisk mat og landbruk i Rogaland



Utgitt av: Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Årgang 13 nummer1

Mai 2015

Ivrige lesarar har lagt merke til at nyheitsbrevet ikkje kjem like hyppig som før. Grunnen er at facebook-sida "Økologisk Rogaland" har fleire og

fleire følgjesvenner og vi legger mykje informasjon ut der. I løpet av eitt år har vi dobla talet på dei som liker Økologisk Rogaland. Nå er det

nærmare 900 som liker facebook-sida. Vil du vere oppdatert, sjekk facebook – du treng ikkje å være på facebook sjølv.

Bli medlem i Oikos nå!

Innan 1.juli kan **produsentar** teikne medlemskap til **reduisert pris**. Du treng ikkje å vere øko-bonde for å bli medlem. Dess fleire medlemmer Oikos har, dess enklare er det å påverke landbrukspolitikken og jobbar mot dagligvarehandel og myndighetane.

Forbrukarar betaler vanleg pris - kr 365.- (kr 250.- for studentar og pensjonistar). Alle medlemmer for 4 gonger i året magasinet Ren Mat i posten.

[Her](#) kan du lese meir om gode grunner å bli medlem og melde deg inn elektronisk.



Oikos Rogaland gjer det som moderorganisasjonen Oikos - Økologisk Norge: Vi veks! I Rogaland er vi nå 276 medlemmer (187 i august i fjor), i Oikos har det blitt totalt meir enn 4 500 medlemmer over hele landet!

Open gard 6.juni på Ullandhaug økologiske gård

Ullandhaug økologiske gård inviterer til Open Gard. Sjølvplukk av rabarbra og gardsvandring. Sal av rabarbrasuppe, vaflar og kaffi. Laurdag 6.juni frå kl 11-14. Ullandhaugveien 150, Stavanger.

Markvandring i økologisk dyrka eng 27.mai

Velkomen til markvandring i økologisk dyrka eng onsdag 27. mai for å diskutere emne kring hausting, fôr-kvalitet, ensilering, kløverdyrking, fornying.

Kl 19.00 Geirmund Øglend, Noredalen 483, Sandnes.
Kl 20.00 Nils Ove Nordland, Noredalen 354, Sandnes.

Alle interesserte er velkomne ein eller begge stader. Geir Paulsen i Bioforsk og Ane Harestad frå NLR Rogaland blir med. Inga påmelding.

Økokrambua - snart butikk i Haugesund

Økokrambua på Åkra har planar om å opne butikk i Haugesund i juni!



Følg med på facebook: [Økokrambua](#)




Foto: Kjetil Grøtte



Nyheitsbrevet er eit gratis informasjonsblad som blir sendt til økologiske produsentar, medlemmer i Oikos Rogaland, landbruksforvaltninga i kommunane og andre aktørar som ønskjer informasjon om økologisk landbruk. Ønskjer du ikkje å ta imot brevet, gi melding til Annabell Pfluger på 51 56 89 71 eller fmroapf@fylkesmannen.no

Med atterhald om endringar og trykkfeil.



Grønsaker utan kjemi 10.juni Haugaland 11.juni Jæren

Økologisk grønsaksspesialist frå NLR Østafjells, Thomas Holz, tek turen hit igjen i år. Alle interesserte produsentar er velkomne.

Onsdag 10.juni Karmøy
kl 16.00-20.00 hjå **Unni og Jan Egil Alvsvåg, Rosengården**, Vassbotveien 50, 5546 Røyksund
Teoretisk del («alternative metodar i ugrasnedkjemping»). Vi tek mellom anna opp førebyggjande tiltak, strategi, mekaniske og termiske metodar.
Enkel matsservering og markvandring.
Grunna matsservering må vi ha **påmelding innan 8.juni** til torbjorn.ruud@nlr.no

Torsdag 11. juni Jæren
kl 10.00-11.30 hjå **Åslaug og Lars Kristian Grude**, Jærvegen 329, Klepp.
kl 12.30-14.30 på **Ullandhaug økologiske gård**, Ullandhaugveien 150, Stavanger.
Matsservering og markvandring. Vi legg opp til dialog med erfaringsutvekslingar kring ugraskamp, oppal og dyrkingsteknikk ute i grønsakskulturane.

Alle interesserte produsentar er velkomne. Du kan vere med ein eller begge stader. Transport i privatbilar.
Grunna matsservering må vi ha **påmelding innan 8.juni** til ane.harestad@lr.no.

Arr: Norsk Landbruksrådgiving i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland og Oikos Rogaland.

Forbrukarane vil ha meir økologisk mat!

Sal av økologiske produkt har auka om nesten 30 prosent på eitt år! Økologiske grønsaker og poteter har auka med 46 prosent! Vil du vite meir? Last ned heile rapporten om produksjon og omsetnad av økologisk landbruksvarer frå www.slf.dep.no

Nytt om andelslandbruk

Etter eit vellykka informasjonsmøte i Stavanger i fjor haust har to andelslandbruk starta opp på Jæren; Solbakken andelslandbruk på Randaberg og Andelslandbruk i Sandnes! Det har vore en god prosess med engasjerte forbrukarar, og i begge tilfella har dei kome til ei god ordning for frivillig arbeidsinnsats, produkt som skal dyrkast og pris per andel. Informasjonsflyten mellom medlemmane går stort sett via facebook. Begge andelslandbruk på Jæren er fullteikna. Men det står fleire i startgropa. Interesserte kan enten setje seg på ventelista eller ta kontakt på facebook med [Noredalen øko-andelsbruk](https://www.facebook.com/Noredalen_eko_andelsbruk).



Foto: Jone Hauken

Andelslandbruk har teke heilt av i Noreg. På kort tid kom det over 30 andelsgarder. Er du usikker kva andelslandbruk går på?

Les meir her www.andelslandbruk.origo.no

I oktober er det planlagt open **informasjonsmøte** om andelslandbruk på **Aksdal** for å samle alle interesserte.

Jobber du på storkjøkken eller med mat i barnehage?

Jobbar du på storkjøkken, med mat i barnehage, er du beslutningstakar eller jobbar med kantine-anbod? Her kommer 2 arrangement som passer for deg:

Måndag 8.6. kl 9.00-14.45

Økologisk mat - vegetarkost i storhushaldning

Kurs om vegetarkost basert på økologiske råvarer og godt og ernæringsriktig vegetarmat for storhushaldning. Teori og praksisdeler.

Stad? Gastronomisk Institutt, Stavanger

Deltakaravgift kr 615.-

Påmelding innan 1.juni og meir informasjon på

www.nofima.no under aktiviteter

Arr: Nofima

Torsdag 18.6. kl 8.00-9.30 Gratis Frukostmøte

Vil du vite korleis di bedrift kan bli meir berekraftig?

Da må du komme på gratis frukostseminar med medgründeren av Kolonihagen og MAAEMO, Jon-Frede Engdahl, og Emil Mohr, engasjert innan økologisk landbruk sidan 1970-talet og den sentrale drivkrafta bak etableringa av Debio!

Stad? Olav Kyrres gate 23, Stavanger. Kantina til Stavanger Kommune

Påmelding innan 8.juni til helene@debio.no

Sjå på facebook for meir informasjon

[Gratis frukostseminar i Stavanger](https://www.facebook.com/GratisFrukostseminarStavanger)

Arr: Debio

Nytt frå Oikos Rogaland

Kjære Oikos-medlem,

vi kan glede oss over pent aukande forbruk av økologisk mat i Noreg. Men fortsatt er det ein jobb å gjere for å spreie kunnskap om økologiske produkt, og få med fleire bønder og fleire forbrukarar på øko-laget. Oikos Rogaland har mange arrangement i løpet av året - vi håper du som medlem vil delta, enten som medhjelpar eller som gjest!

Verving av nye medlemmer

Også du kan gjere en innsats! Verv din nabo eller gi bort medlemskap i bursdagsgåve!

Innan 1.juli kan produsentar teikne medlemskap til redusert pris kr 250.-

Forbrukar betaler vanlig pris - kr 365.- (kr 250.- for studentar og pensjonistar). Alle medlemmer får magasinet Ren Mat i posten 4 gonger i året. [Her](#) kan du lese meir om gode grunnar til å bli medlem og melde deg inn elektronisk.

Styret i Oikos Rogaland

På årsmøte i februar ble Bjarne Kvist Hansen valt som ny styreleiar. Vi takker Gabriele Brennhagen for god innsats! Nestleiar er Margrete Ytreland Vistnes, styremedlemmer er Leif Holgersen og Alexander Rügert-Raustein. Vara er Elisabeth Grønvik og Kari Meek.

Øko-uka

Oikos Rogaland har fått støtte til koordinering av ØKOUKA - ei veke med masse kjekke øko-arrangement. Her gjeld det å samle aktørane og samkjøre aktivitetar. Med andre ord skal ikkje Oikos gjennomføre alt sjølv. Men vi kjem til å spørre om de kan hjelpe til på nokre av arrangementa. ØKOUKA kjem til å bli en flott arena der vi set økologisk på dagsorden samt at Oikos kan profilere seg og verve nye medlemmer.

Har du lyst å gjere ein innsats? Ta kontakt med Annabell Pfluger på 5156 8971 eller fmroapf@fylkesmannen.no

Oikos - økologisk Noreg er ein fellesorganisasjon for økologisk mat og landbruk. Hovudkontoret ligg i Oslo, og Oikos Rogaland er eit regionlag med eige styre og aktivitetar.

www.oikos.no

www.renmat.no

ØKOUKA 19.-27.sept 2015



Er du produsent, foredlar eller har serveringsstad og ønskjer å henge deg på ØKOUKA? Ta kontakt med Kari Meek på mee.kari@gmail.com eller 992 28 106. Det kan også tenkjast arrangement ut forbi Nord-Jæren.

Frå 19.-27.sept skal vi setje økologisk på dagsorden!

Som i fleire andre byer blir det arrangert ØKOUKA i Stavanger. Det er Oikos Rogaland som står for koordinering av mange kjekke arrangement, kurs og aktivitetar innan økologisk mat og landbruk, miljø og bærekraft.

Nokre arrangement har allereie fått dato:

Laurdag 19.sept prøver vi å samle flest mogleg øko-produsentar på Marked i Sentrum

Laudag 19.sept Folkefrukost: gratis økologisk, kortreist eller fairtrade mat på Kongsgården

Søndag 20. sept Miljøsøndag i regi av Stavanger kommune

Søndag 27. sept open gard på Ullandhaug økologiske gård i forbindelse med Matløypa

Prosjektleiaren, Kari Meek, er godt i gang med å få fleire arrangement og ikkje minst kurs på plass. Meir informasjon kjem. Følg også med på fb Økologisk Rogaland og www.okouka.no

Utgitt av:
Fylkesmannen i Rogaland,
landbruksavdelinga
Pb 59, 4001 Stavanger

Ved Annabell Pfluger
E-post: fmroapf@fylkesmannen.no
Tel: 51 56 89 71

Ullandhaug økologiske gård

På Ullandhaug, bare få kilometer fra Stavanger sentrum, ligg ei lita økologisk klynge med gardsbruk, arbeidstrening, safteri og daglegvarebutikk. Garden blir driven av ein ideell stifting. Barn, ungdom og vaksne kan etter avtale kome på besøk for å lære om økologisk landbruk og vekstskifteprinsippet. Det veks mykje forskjellig på rund 35 mål som poteter, gras, korn, bær, rabarbra og eit mangfald av grønnsaker. Sau, høns og hest er heime på garden.



På Ullandhaug kan du også la deg kurset i korleis en kan lage kjøkkenhage, om ville vekstar, barnemat og meir! Kursane ligg ute på facebook [Ullandhaug økologisk gard](https://www.facebook.com/ullandhaug-okologisk-gard)



Foto: Kjetil Grøtte

Grønnsakene blir selde i daglegvarebutikken like ved, lammekjøtt om hausten rett frå garden. Her kan du lese meir om Ullandhaug økologiske gård Facebook: [Ullandhaug økologisk gard](https://www.facebook.com/ullandhaug-okologisk-gard) www.ullandhaug-gard.no



Foto: Kjetil Grøtte

På Kalenderen:

27.mai

Markvandring i øko eng i Sandnes

Kl 19.00 Geirmund Øglend, Noredalen 483
Kl 20.00 Nils Ove Nordland, Noredalen 354

6.juni Åpen Gård på Ullandhaug økologiske gård

Sjølvpukk av rabarbra og gårdsvandring. Sal av vaflar og kaffi. Kl 11-14

08. juni

Kurs: vegetarmat i storhushaldning

10.juni Haugalandet og 11.juni Jæren

Grønnsaker utan kjemi.
Markvanding for produsentar med Thomas Holz fra NLR

18. juni

Frukostmøte storhushaldning

Stavanger kl 8.00-9.30
Påmelding til helene@debio.no

19. sept

Marked i Sentrum

Marknad på fisketorget i Stavanger kl 10-15

19.sept

Folkefrukost

Gratis frukost i Kongsgård skulegard (ved domkyrkja i Stavanger: kortreist, fairtrade, økologisk kl 11-13

19.-27.sept Øko-Uka
Meir informasjon kjem.

Venneforeining Ullandhaug økologiske gård

Foto: Kjetil Grøtte



Ullandhaug økologiske gård har fått seg ei eiga venneforeining! Formålet med venneforeininga er å støtte opp om stiftinga sine mål, visjonar og verksemder. Har du lyst å engasjere det? Ta kontakt med styreleiar Fanny Madsen på venneforeningenullandhaug@gmail.com eller 934 88 343.

Neste møtet i venneforeininga er måndag 15.juni kl 18-20 i våningshuset på Ullandhaug økologiske gard.